



Friluftsbarmeter for kommunane i Møre og Romsdal 2024

Utarbeida av Forum for natur og friluftsliv (FNF) Møre og Romsdal





Innhald

| | |
|--|-----------|
| Forord Friluftsbarmeter Møre og Romsdal | 4 |
| 1. Bakgrunnen for å utvikle eit friluftsbarmeter | 5 |
| 1.1. Kven er Forum for natur og friluftsliv i Møre og Romsdal? | 5 |
| 1.2 Verdiskapings- og berekraftsfylket ber om eit Friluftsbarmeter | 5 |
| 1.3 Friluftslivets tiltakskjede | 6 |
| 2 Kvifor treng vi å måle kommunane i friluftslivsarbeidet? | 7 |
| 2.1 Definisjon friluftsliv | 7 |
| 2.2 Kvifor er lokalt friluftsliv viktig? | 7 |
| 2.3 Kvifor treng friluftslivet eit eige barmeter? | 8 |
| 2.4 Korleis kan Friluftsbarmeter vere eit verktøy for kommunane? | 8 |
| 2.4 Kva er breidda i det Friluftslivsbarometeret skal måle? | 9 |
| 2.5 Oppsummering: Korleis kan eit Friluftsbarmeter bidra positivt? | 9 |
| 3. Metodikk: Kjelder til indikatorane og poenggiving | 10 |
| 3.2 Utvikling av metode for Friluftsbarmeteret | 10 |
| 3.3 Struktur på Friluftsbarmeter i eit berekraftsperspektiv | 11 |
| 3.4 Kjelder til indikatorar i Friluftsbarmeteret | 11 |
| 3.5 Poenggjeving av indikatorar i Friluftsbarmeteret | 12 |
| 3.6 Utdringar ved indikatorar i Friluftsbarmeteret | 12 |
| 4. Indikatorar Friluftsbarmeter Møre og Romsdal | 13 |
| 4.1 Indikator 1: Samla lengde stiar og turveggar | 13 |
| 4.2 Indikator 2: Lengde gang – og sykkelveggar per innbyggjar | 14 |
| 4.3 Indikator 3: Trygg tilgang til rekreasjonsareal og nærturterreng | 15 |
| 4.4 Indikator 4: Statleg sikra friluftsområde | 16 |
| 4.5 Indikator 5: Tilgjengeleg strandsoneareal | 17 |
| 4.6 Indikator 6: Status friluftslivets ferdselsårer | 17 |
| 4.7 Indikator 7: Medlem i eit friluftsråd | 18 |
| 4.8 Indikator 8: Medlemmar i friluftsgeselskap | 19 |
| 4.9 Indikator 9: Utlånsordningar av friluftsutstyr | 20 |
| 4.10 Indikator 10: Turpostbrukarar | 20 |



| | |
|---|-----------|
| 5. Resultat Friluftsbarmeteret 2024 for kommunane i Møre og Romsdal..... | 22 |
| 5.1 Indikator 1: Samla lengde stiar og turveggar | 25 |
| 5.2 Indikator 2: Lengde på gang- og sykkelveggar | 27 |
| 5.3 Indikator 3: Trygg tilgang til rekreasjonsareal og nærturterreng..... | 29 |
| 5.4 Indikator 4: Tal på sikra friluftsområde | 31 |
| 5.5 Indikator 5: Tilgjengeleg strandsone | 32 |
| 5.6 Indikator 6: Status på friluftslivets ferdselsårer | 33 |
| 5.7 Indikator 7: Medlem av friluftsråd | 34 |
| 5.8 Indikator 8: Medlemstal friluftsansisasjonar..... | 35 |
| 5.9 Indikator 9: Utlånsordningar friluftsutstyr | 36 |
| 5.10 Indikator 10: Turpostbrukarar | 37 |
| 6. Erfaringar frå arbeidet med Friluftsbarmeteret..... | 39 |
| 7. Vedlegg Friluftsbarmeter Møre og Romsdal..... | 40 |
| 7.1 Nyttig materiale i arbeidet bak Friluftsbarmeteret..... | 40 |
| 7.2 Referansar til verdien av friluftsliv | 42 |
| 7.3 Fagleg støtte til Friluftsbarmeter | 43 |
| 7.4 Friluftslivets berekraftsplakat..... | 44 |
| 7.5 Logo for Friluftsbarmeter Møre og Romsdal..... | 45 |



Forord Friluftsbarmeter Møre og Romsdal

Friluftsbarmeteret blei laga av Forum for Natur og friluftsliv (FNF) Møre og Romsdal med støtte frå Møre og Romsdal fylkeskommune. Forslag til indikatorar var klare 1. juli 2024. Etter det har FNF jobba med utforming, vektning av indikatorar og presentasjon av materialet. Friluftsbarmeteret vart lansert i oktober 2024, då som det aller første friluftsbarmeteret i landet.

Styringsgruppa for prosjektet er satt saman av FNF Møre og Romsdal.

Formålet med Friluftsbarmeteret er auka fokus på friluftsliv. Vi ønsker å stimulere til at både kommunar, fylkeskommune og vi som driv med organisering av friluftsliv får eit spark i baken for å gjere arbeid med friluftsliv meir målbart, slik at det i andre rekke kan komme friluftslivet til gode.

Styringsgruppa for prosjekt Friluftsbarmeter har vore:

Ola Fremo – dagleg leiar Friluftsrådet Nordmøre og Romsdal

Anne Berit Støyva Emblem – dagleg leiar Sunnmøre friluftsråd

Maria Holo Leikarnes – dagleg leiar DNT Romsdal; på vegne av dei frivillige organisasjonane i FNF

Ingbjørn Bredeli – koordinator Forum for friluftsliv Møre og Romsdal

Linda Bakken – koordinator for prosjekt Friluftsbarmeter

1. Bakgrunnen for å utvikle eit friluftsbarmeter

1.1. Kven er Forum for natur og friluftsliv i Møre og Romsdal?

Forum for Natur og Friluftsliv (FNF) Møre og Romsdal er eit samarbeidsforum for natur- og friluftslivsinteresserte organisasjonar i Møre og Romsdal. FNF er landsomfattande og engasjerer seg i saker som påverkar natur og friluftslivet i sitt fylke. I dag er Norges Jeger- og Fiskerforbund Møre og Romsdal, BirdLife Møre og Romsdal, Romsdal Kystlag, Molde Kajakkklubb, Naturvernforbundet i Møre og Romsdal, Friluftsrådet Nordmøre og Romsdal, Sunnmøre Friluftsråd, DNT Sunnmøre, DNT Romsdal, Kristiansund og Nordmøre Turistforening, alle fire speidargruppene i fylket og 4H Møre og Romsdal tilslutta forumet. Totalt representera desse organisasjonane mange medlemmar med ei stor interesse for å ta vare på naturen for noverande og komande generasjonar.

FNF Møre og Romsdal søkte i 2022 fylkeskommunen om midlar til å utvikle og etablere eit friluftsbarmeter for kommunane i vårt fylke. Hensikta var å få målbare tal på friluftsarbeidet i kommunane og bruke tala for å motivere kommunane til å fremme friluftslivet sine kår.

1.2 Verdiskapings- og berekraftsfylket ønsker eit friluftsbarmeter

For verdiskapings- og berekraftsfylket Møre og Romsdal er eit viktig resultatmål å «Bidra til at forskning, kunnskap og innovasjon er grunnleggande element i utviklinga av kultursektoren». I 2023 blei det avsett midlar til tiltak som er retta mot dette resultatmålet.

I mars løyvde Kultur-, næring- og folkehelseutvalet midlar til prosjekt Friluftsbarmeter. I tilrådinga står følgjande:

«Det trengs meir data, forskning og kunnskap om kultur, kva kulturtilbod betyr for den einskilde og for lokalsamfunna. Eit av tiltaka er å få utarbeid og eller kjøpt nye kunnskapsgrunnlag, gjerne saman med andre i fylkeskommunen og/eller andre fylkeskommunar.

Eit anna tiltak er at vi vil utarbeide eit friluftsbarmeter for Møre og Romsdal. Friluftsbarmeteret er tenkt å vere eit verktøy for å sjå kommunane i fylket sin innsats på utvalde tema som betyr mykje for friluftslivet. Vidare er dette tenkt å gi ei oversikt om kva som finns tilgjengeleg av informasjon om kommunane si friluftslivsforvaltning og seie kva som manglar av informasjon.»


«Bidra til at forskning, kunnskap og innovasjon er grunnleggande element i utviklinga av kultursektoren»

FNF Møre og Romsdal fekk i oppdrag å ferdigstille eit forslag til friluftsbarmeter innan 1. juli 2024.


Fylkesplanen for Møre og Romsdal er bygd rundt FN sine berekraftsmål og berekraftdimensjonane klima- og miljøutfordringar, sosial berekraft og økonomisk utvikling. Berekraftfylket Møre og Romsdal – program for eit berekraftig fylke. I tråd med Fylkesplan for berekraftfylket Møre og Romsdal 2021-2024, skal FN sine berekraftsmål innarbeidast og bli ein del av grunnlaget for samfunns- og arealplanlegginga, og dermed fylkeskommunane og kommunane si verksemd. Fylkeskommunen deltek i programmet United for Smart Sustainable Cities (U4SSC).

1.3 Friluftslivets tiltakskjede

Arbeidet med friluftslivets ferdselsårer i regi av Miljødirektoratet og fylkeskommunane viser til friluftslivets tiltakskjede. Den viser at kartlegging, verdsetting og analyse ligg til grunn for planlegging, regulering og sikring. I siste ledd fører tilrettelegging, stimulering og informasjon til aktivitet i form av friluftsliv.



Arbeidet viser òg at stiar, løyper og turvegar er det viktigaste anlegget for friluftsliv i kvardagen. Vidare ser ein at tilrettelegging gir auka bruk. Dette er noko av det vi har lagt til grunn for vårt forslag til måleindikatorar.





2 Kvifor treng vi å måle kommunane i friluftslivsarbeidet?

Fylkeskommunen har slått fast at vi treng meir data, forskning og kunnskap på kultur og friluftsliv, og kva det betyr for den einskilde og for lokalsamfunna (jf. kap. 1.1.). Friluftsbarmeteret er eitt av tiltaka. Eit barometer vil auke kunnskapen om lokalt friluftsliv.

2.1 Definisjon friluftsliv

Friluftsliv i denne samanhengen er ikkje-motorisert ferdsel, opphald og aktivitetar i naturen med rekreasjon som formål.

Motiv for friluftsliv varierer, men er som regel knytt til helse, naturoppleving, ro og stillheit, restitusjon, fysiske og mentale utfordringar samt sosialt samvær. Dei mest vanlege aktivitetane er fot- og skiturar, sykling, bading, båttur, jakt og fiske, plukking av bær og sopp samt andre former for sanking. Kjelde: [friluftsliv – Store norske leksikon \(snl.no\)](https://snl.no). Plukking av søppel/strandrydding er òg ei form for friluftsliv.

Friluftsliv har i utgangspunktet ikkje eit konkurranseaspekt.

2.2 Kvifor er lokalt friluftsliv viktig?

Friluftsliv er viktig fordi det er eit verktøy med stor bruksverdi i folkehelsesamheng. I utgangspunktet er friluftsliv noko alle kan drive med på kvart sitt nivå, og det kan gi helseeffekt for alle.

Forskning viser stor viktighet av fysisk aktivitet for betre fysisk og psykisk helse (sjå referansar sist i dokumentet). For mange er terskelen til å trene på til dømes eit treningssenter høg. Enkelt friluftsliv kan derfor vere eit godt alternativ med lågare brukarterskel. Enkelt friluftsliv krev ikkje mykje utstyr og tilrettelegging.

Friluftsliv er ein trend i tida, der mange sett fokus på positive effektar av aktivitet ute. Stadig oftare blir det peika på at friluftsliv har førebyggjande effekt for både fysiske og psykiske sjukdommar. Friluftsliv er òg nyttig i behandling av både fysiske og psykiske plager. På tross av dette vert det lagt liten vekt på effekt av friluftsliv og fysisk aktivitet som førebyggjande og/eller behandlande middel i til dømes medisinstudier. Friluftsliv på grøn resept er ikkje vanleg i dag, men kan kanskje bli aktuelt i framtida? Friluftsliv er også eit middel for å inkludere innvandrarar i norsk kultur og samfunn.

Om «alle» skal kunne drive friluftsliv på sitt nivå, må det vere tilrettelagt for det både med tanke på tilgjengelegheit og utstyr. Friluftslivsmangfaldet strekker seg frå dei som vil rusle ein tur i nærområdet til dei som vil ut på krevjande ekspedisjonar. Kommunens tilbod bør famne dei som vil nytte ein enkel sti i tilnærma urørt natur samt dei som har behov for infrastruktur tilpassa nedsett funksjonsevne.

Fylkesstrategi for Kultur, frivillig sektor og arenaer 2021-2024 Møre og Romsdal fylkeskommune:

«Tilrettelegging for friluftsliv i nærleiken av bu- og opphaldsområde har eit stort potensiale for å møte utfordringane med inaktivitet. I tillegg vil slik tilrettelegging gi synergjar i form av betre bu- og opphaldsområder og betre kår for mjuke trafikantar. Tilrettelegginga bør konsentrerast i nærleiken av der folk bur, og ikkje bidra til nedbygging av meir urørt natur. Den grunnleggjande attraksjonen knytt til friluftslivet er naturen slik den er. Anleggsutviklinga for friluftslivet bør alltid legge dette til grunn.»



2.3 Kvifor treng friluftslivet eit eige barometer?

Friluftsbarmeteret har som overordna mål å auke kunnskapen om lokalt friluftsliv.

Friluftsbarmeteret vil vere med å stimulere til tilrettelegging i kommunane slik at folk kjem seg meir ut i friluft.

Friluftsliv er ein viktig faktor i eit folkehelseperspektiv. I den samanheng er det viktig at kommunane legg til rette for at fleire skal bli motivert til å utøve friluftsliv. Tiltak – og mangel på tiltak – er noko av det Friluftsbarmeteret skal dokumentere og synleggjere for å auke kunnskapsgrunnlaget.

I dag er det mange kommunar som ikkje har friluftsliv med i sin planstrategi. Når vi i tillegg veit at dei tidlegare friluftsnemndene er borte, ser vi at fokusområdet bør styrkast. Målet er at Friluftsbarmeteret skal bidra til å få friluftsliv inn i kommunane sitt planverk og sine prioriteringar.

På sikt ønsker vi å få friluftsliv inn som ein del av fylkeskommunen sin fylkesstatistikk, samt stimulere til at spørsmål relatert til fremming av friluftsliv vert ein del av Kostra-rapporteringa i kommunane.

2.4 Korleis kan Friluftsbarmeter vere eit verktøy for kommunane?

Friluftsbarmeteret er viktig for å vise kva verktøy kommunane treng for at det skal vere lett for befolkninga å drive friluftsliv og aktivitet ute.

Eit friluftsbarmeter kan vere med å bevisstgjere at kommunen har ei viktig oppgåve for å sikre **areal** for utøving av friluftsliv og trygg tilkomst til desse areala. Barometeret kan bidra til prioritering av friluftsliv i **arealplanlegging** og i andre tiltak som fremmer friluftsliv, til dømes ved å støtte lag og foreiningar som stimulerer til utøving av friluftsliv.

Ein føresetnad for å drive friluftsliv er **areal** og tilkomst til areal egna for å utøve friluftsliv. Stien er ofte nemnd som friluftslivets viktigaste anlegg. Andre typiske eksempel kan vere tilgang til ei badestrand, ein gapahuk eller andre område/anlegg egna for friluftsliv. Statleg sikra område er døme på slike areal som kan ha tilrettelagte anlegg for friluftsliv.

Ein treng òg bevisstgjerings på dei mjuke trafikantane i samferdselspolitikken. Trygge bevegelsesmønster gjeld ikkje berre skuleveggar, men òg til område der ein kan utøve friluftsliv. Gang- og sykkelveggar er døme på trygg tilkomst.

I tillegg til areal og planverk, er det viktig å fremme sjølve **aktiviteten**. På den eine sida finn vi friluftsliv i skule/barnehage eller til dømes ved eldresenter. På den andre sida finn vi frivillige lag og organisasjonar som driv med friluftslivsaktiviteter, til dømes DNT, 4H, Røde Kors, speidargrupper og turgrupper i idrettslag. Dette er aktivitetar som det har vist seg vanskeleg å måle, men som vi håper Friluftsbarmeteret kan bidra til å gjere lettare målbart i framtida.

I Norge er allemannsretten med rett til ferdsel, opphald og hausting i naturen nedfelt i friluftslova frå 1957. Friluftspolitikken blir utforma av Miljødirektoratet og Klima- og miljødepartementet på vegne av regjeringa. Stortinget røysta i mai 2024 ned forslaget om å innlemme allemannsretten i grunnlova.



2.4 Kva er breidda i det Friluftslivsbarometeret skal måle?

Friluftsbarmeteret skal seie noko om hovudområda areal, plan og aktivitet. Dei tre hovudområda flyt over i kvarandre, men grovt inndelt tenker vi følgande:

* **Areal** kan til dømes vere statleg sikra friluftsområde, men spenner seg frå merka stiar til gang- og sykkelveggar eller anna tilkomst til turområde. Tilgjengelege strandsone og tilgjengeleg areal for friluftsliv generelt kjem under areal.

* **Plan** kan til dømes vere del av kommunen si arealplan eller plan for friluftslivets ferdselsårer.

* **Aktivitet** kan vere talet på aktive turpostbrukarar eller til dømes tal på medlemmar som er aktive i friluftslivsrelaterte organisasjonar som DNT, 4H, speidarforeiningar, Røde Kors, Jakt- og fiskeforeiningar eller turgrupper i idrettslag.

2.5 Oppsummering: Korleis kan eit Friluftsbarmeter bidra positivt?

Friluftsbarmeteret kan skape ei bevisstgjeringsprosess på i kva stor grad den enkelte kommune legg til rette for friluftsliv for sine innbyggjarar. Friluftsbarmeteret kan òg synleggjere tiltak kommunen kan gjere for å sikre at utøving av friluftsliv meir tilgjengeleg for fleire.

Vi vil vektlegge dei kommunane som skårar høgt og vise kva dei gjer for å lykkast i arbeidet. Vi vil at kommunane skal lære av kvarandre og av gode døme. Det vert ei slags samanstilling mellom kommunane.

Friluftsbarmeteret vil vere med å synleggjere kva som manglar av dokumentasjon, noko som igjen kan stimulere til nye målesett.



3. Metodikk: Kjelder til indikatorane og poenggivning

Friluftsbarmeteret skal vere eit levande materiale i den forstand at det er tenkt oppdatert jamleg og vonleg bli ein del av Møre og Romsdal sin fylkesstatistikk.

Målingane skal vere enkle å repetere og overføre til andre kommunar/fylke. Kjelder til verdiar skal vere kvalitetssikra og mogleg å etterprøve. Det er ein av grunnane til at vi har nytta eksisterande kjelder.

3.2 Utvikling av metode for Friluftsbarmeteret

Styringsgruppa har hatt jamlege møter annakvar veke frå januar til juli. Prosjektkoordinator har drive prosjektet framover med skriftleg materiale og etablering av kontakt med kjelder og etatar som har gjeve innspel til prosjektet. Heile eller deler av styringsgruppa har teke del på møter i regi av prosjektleiar.

Kjelder til inspirasjon:

- Møre og Romsdal Fylkeskommune – Fylkesstatistikken – god oversikt, døme på bruk av informasjon. Kva er med i fylkesstatistikken i dag og kva manglar?
- Sabima/Naturkampen – barometer som måler kommunane sin innsats for å verne natur.
- Svenskt Friluftsliv – Friluftsstatistikk – svenskane sitt Friluftsbarmeter basert på årlege spørjeundersøkingar til kommunane.
- Møre og Romsdal Idrettskrins sin kunnskapsbase for statistikk – døme på bruk av statistisk materiale.
- Telemarksforskning – målesystem for idrettsindeks og kulturindeks.

Samarbeid og møter med:

- **Møre og Romsdal Fylkeskommune:** Utstrekt samarbeid om kjelder, statistikk og meir. Vidare har det vore gjennomført møter med rådgjevar friluftsliv i seksjon for folkehelse, idrett og friluftsliv, samt kommunalsjef kultur.
- **Kommunane i Møre og Romsdal:** Prosjektgruppa har sendt ut brev til alle kommunane med moglegheit til tilbakemeldingar. Vi fekk svar frå åtte kommunar. I tillegg har prosjektet nytta Ulstein, Ørsta og Ålesund kommune som referansekommunar/sparringspartnarar. Deler av styringsgruppa har gjennomført fleire møter med representantar frå desse kommunane undervegs i prosessen.
- **Statistisk Sentralbyrå:** Det blei gjennomført teamsmøte med tre representantar frå SSB i tillegg til mail- og telefonkontakt før og etter møtet. Kontakt gjekk primært på kjeldemateriell og berekraftsmål, samt funn etter levekårsundersøkingar SSB har utført. Friluftsbarmeteret ønsker gjerne å påverke kva som vert rapportert inn i SSB for å få eit meir målretta friluftsbarmeter på sikt.
- **Norsk Friluftsliv:** Norsk friluftsliv skal lansere eit nasjonalt friluftsbarmeter sommaren 2025 i samband med friluftslivets år. Prosjektkoordinator og til dels styringsgruppa har gjennomført fleire teamsmøte med erfaringsutveksling og diskusjonar rundt aktuelle indikatorar og metodikk.



- **Telemarksforsking:** Materiale frå Telemarksforsking er nytta som kjeldemateriell samt kvalitetsreferansar gjennom idretts- og kulturindeks.
- **Berekraftskoordinatorar:** Vi har hatt møte om rammeverk berekraft og vore i dialog med berekraftskoordinatorar innan ulike felt. Berekraftskoordinator i fylkeskommunen har gjeve innspel om metodikk for å sikre at vi arbeider innanfor berekraftsmåla, samt gjeve innspel og tilbakemelding til rapporten undervegs.
- **Miljødirektoratet:** Vi har hatt fleire kontaktpunkt til Miljødirektoratet, mellom anna med fokus på kjeldemateriell og tilgang til aktuelle data. Prosjektkoordinator har delteke på webseminar om Lokasjonsdata i regi av Miljødirektoratet og webseminar med ny kunnskap om friluftslivsbruk av Oslofjorden.
- **Forsking og utdanning:** Prosjektkoordinator har knytt prosjektet opp mot forskings- og utdanningsmiljøet, mellom anna gjennom kontakt med førstelektor i friluftsliv ved Norges Idrettshøgskole. Koordinator har òg hatt dialog med forskarar i samband med undersøkingar dei har gjort om friluftsliv rundt Oslofjorden og resultat som kan relaterast til Friluftsbarmeteret nasjonalt. Samt dialog med forskar bak studiar retta mot friluftsliv og fysisk aktivitet si betydning for livskvalitet.
- **Andre aktuelle aktørar:** Diverse kontaktpunkt med andre aktørar for rådslaging og diskusjonar. Prosjektkoordinator har mellom anna delteke på seminar om tilrettelegging av Statleg sikra friluftsområde.

3.3 Struktur på Friluftsbarmeter i eit berekraftsperspektiv

Struktur og klassifisering (taksonomi) handlar om tre overordna dimensjonar gjennom mål, perspektiv og kvalitet.

Mål er kva indikatoren handlar om i høve til SDG-ane og trippel botnlinje. Målet fortel kva FN-17 berekraftsmål indikatoren er egna til å seie noko om.

Perspektiv gjeld kvifor og i kva samanheng ein ønsker å nytte indikatoren. Vårt perspektiv er å lage ei barometrisk måling på kommunane sin innsats for friluftslivet.

Kvalitet handlar om kor brukeleg indikatoren er. For denne undersøkinga betyr det om indikatorane er godt egna til å komme fram til målet vi spør om og om det er kvalitetssikra tal, til dømes om indikatoren er samanliknbar på kommunenivå. Kjelder seier kor indikatoren er henta frå og kven som eig data.

Oppsummert skal alle indikatorar kunne knytast opp mot eitt eller fleire SDG-mål, plasserast under eit eller fleire typar perspektiv med tanke på bruken, og indikatoren sin kvalitet skal kunne vurderast mot bestemte kriteria.

3.4 Kjelder til indikatorar i Friluftsbarmeteret

I oppsettet har vi nytta kvalitetssikra kjelder. Det vert referert til gjeldande kjelde under kvar indikator.



3.5 Poenggjeving av indikatorar i Friluftsbarmeteret

For kvar indikator kan kommunen oppnå ein poengsum frå 0 til maks 10 poeng. Manglande informasjon gir 0 poeng. Kommunen med flest poeng samanlagt vert rangert høgst.

I tillegg til vinnarane med høgst poengsum, ønsker vi å premiere kommunar som har hatt ei god utvikling dei siste åra. Kommunen med størst poengauke siste tre år vert «Årets springar». Dette punktet kjem med i oppsummering for Friluftsbarmeteret dei kommande åra.

3.6 Utfordringar ved indikatorar i Friluftsbarmeteret

Det er utfordrande å finne indikatorar som er rettferdige uavhengig av areal, folketal og naturtypar i den aktuelle kommune. For enkelte indikatorar har vi valt å poenggje etter areal eller folketal. Uansett metode vil nokre indikatorar virke lite rettferdig for enkelte kommunar.

Kjelder er utfordrande fordi vi treng kvalitetssikra tal som er moglege å få tak i.

Utfordringar vert drøfta for kvar indikator.



4. Indikatorar Friluftsbarmeter Møre og Romsdal

Det er gjort eit utval på 10 indikatorar som samla seier noko om i kva stor grad kommunen legg til rette for friluftsliv.

10 av indikatorane er overførbare til andre kommunar og fylke. Indikator nummer 10 gjeld berre kommunar med StikkUT!. Denne indikatoren kan ein ta vekk og erstatte med annan turbasert indikator om ein skal overføre barmeteret til nasjonal bruk eller til kommunar som ikkje er del av StikkUT!.

Kvar enkelt indikator er drøfta med bakgrunn, basis, referanse til berekraftsmål, kjelde, statistikkvariabel, poenggjeving og utfordringar/feilkjelder.

I nokre indikatorar er folketal eller areal teke med i utrekning av poenggjeving.

Kjelde for areal fastland og øyer: Statens Kartverk; <https://www.kartverket.no/til-lands/fakta-om-norge/storleiken-pa-landet>

Kjelde for folketal: Statistisk sentralbyrå; <https://www.ssb.no/statbank/sq/10097760> og [07459: Alders- og kjønnsfordeling i kommuner, fylker og hele landets befolkning \(K\) 1986 - 2024. Statistikkbanken \(ssb.no\)](https://www.ssb.no/statbank/sq/07459)

Indikatorane er delt i kategoriane areal, plan og aktivitet.

4.1 Indikator 1: Samla lengde stiar og turveggar

Stiar og traktorveggar registrert i Felles Kartdatabase (FKB)

Lengde av stiar og traktorveggar i kommunen registrert i FKB.

FKB står for Felles kartdatabase, ei samling datasett med nokre av dei mest detaljerte kartdata i Norge. Dataeigar for FKB-spesifikasjonen er Geovekst-samarbeidet representert ved Geovekst-forum.

FKB består av vektordata som egner seg for kartproduksjon og til bruk i sakshandsaming, prosjektering og til geografiske analyser. Data er i stor grad konstruert på grunnlag av periodisk fotografering med fly, samt gjennom oppdatering i samband med sakshandsaming og oppmåling. FKB-data er tilpassa bruk i målestokk 1:500 til 1:30 000.

Tala er henta frå punktet FKB sti/traktorveg.

- a. Bakgrunn: Stiar, traktorveggar og turveggar er viktige for at folk enkelt kan komme seg ut og drive lett tilgjengeleg friluftsliv.
- b. Basiskategori: Areal
- c. Berekraftsmål: Mål 3, mål 11, mål 15
- d. Kjelde: FKB sti/traktorveg
- e. Statistikkvariabel: For å gjere punktet mest mogleg rettferdig er endeleg poengsum vekta ut frå ei utrekning av total lengde stiar/traktorveggar, meter sti/traktorveggar per innbyggjar pluss meter sti/traktorveggar delt på areal. Dei tre punkta er slått saman og delt på tre for total poengsum. For kvart delpoeng er det sett eit tak for makssum for å gjere samanlikninga mellom små kommunar og kommunar med stort areal meir rettferdig.
- f. Poenggjeving:
Snitt av total lengde stiar + meter sti per innbyggjar + meter sti pr areal vekta med delpoeng frå 0-10 for kvart punkt. Sjå excelark for detaljar. Høgste moglege poengsum er 10 poeng.



Utfordringar: Vi har hatt mange diskusjonar på kva kartgrunnlag som er best. Vi har landa på FKB fordi det er landsdekkande og kvalitetssikra. Bakdelen er at det ligg inne alt av stiar/traktorveggar – frå «anleggstraktorveggar» til hjortetråkk. Der har vore lite oppdatering av dette kartlaget siste åra, men Kartverket har annonsert at det skal gjerast ein jobb. Vidare skal kommunane kartlegge, oppdatere og gjerne reinske bort ikkje relevante småstiar gjennom arbeidet med Friluftslivets ferdslsårer. Ei utfordring her er at nokre kommunar kan få mindre poengsum når kartgrunnlaget vert oppreinska/forbetra og korrigert for dårlege stiar slik som hjortetråkk og sauetråkk.

Utfordringa ved å bruke andre kjelder, til dømes kjelder for merka stiar, er at få kommunar har oppdaterte tal i Kostra/SSB sine kjelder. Det same gjeld dels [Naturbase kart \(miljodirektoratet.no\)](#). Kjelder som [www.morotur.no](#), [www.ut.no](#) er meir oppdaterte, men famnar ikkje alle kommunar. I byrjinga av arbeidet med Friluftsbarmeter nytta vi Statistisk sentralbyrå sine tal i SSB 12593: «Samla lengde av turveggar, turstiar og løyper tilrettelagt for sommarbruk» og «Samla lengde av turveggar, turstiar og løyper tilrettelagt for vinterbruk». Her meinte talspersonar frå kommunane at kriteria blei ulikt oppfatta frå kommune til kommune. Nokre oppfatta at dette gjaldt universelt utforma stiar og turveggar til bruk for rullestol og barnevogn medan andre oppfatta det som merka stiar generelt. Her hadde det vore nyttig med ei måling som viser oversikt over «brukbare» merka stiar.

4.2 Indikator 2: Lengde gang – og sykkelveggar per innbyggjar

Samla lengde gang og sykkelveggar per innbyggjar

Lengde på gang- og sykkelveggar fordelt på kommune. Gjeld alle veggar, europaveg, fylkesveg og kommuneveg per innbyggjar.

- a. Bakgrunn: Gang og sykkelstiar er universelt utforma og representera ei enkel form for friluftsliv tilgjengeleg for alle. Gang- og sykkelstiar er òg ein viktig faktor for nærfriluftsliv og trygg tilkomst til friluftareal.
- b. Basiskategori: Areal
- c. Berekraftsmål: Mål 3, mål 11, mål 13
- d. Kjelde: Elveg2@kartverket
- e. Statistikkvariabel: Kilometer per innbyggjar
- f. Poenggjeving:
 - 0 poeng > 0 km
 - 1 poeng > 1 km
 - 2 poeng > 2 km
 - 3 poeng > 3 km
 - 4 poeng > 4 km
 - 5 poeng > 6 km
 - 6 poeng > 6 km
 - 7 poeng > 7 km
 - 8 poeng > 8 km
 - 9 poeng > 9 km
 - 10 poeng > 10 km

Utfordringar: Eit alternativ er å dele gang- og sykkelveggar på areal. Vi kom fram til eit tal relatert til folketal var mest rettferdig. Også fordi det er naturleg med eit større behov for gang og sykkelstiar i tettbygde område.



4.3 Indikator 3: Trygg tilgang til rekreasjonsareal og nærturterreng

Prosent av innbyggjarane med trygg tilgang til rekreasjonsareal og nærturterreng.

Prosent busette i tettstadar¹ med trygg tilgang til rekreasjonsareal/nærturterreng eller turområde/leik- og rekreasjonsareal².

- a. Bakgrunn: Nær og trygg tilgang til stiar/naturterreng/rekreasjonsareal er viktig for å senke folk sin terskel for å komme seg ut på tur og utøve aktivt friluftsliv.
- b. Basis: Areal
- c. Kjelde: Kostra, SSB 09579
- d. Berekraftsmål: Mål 3, mål 11, mål 15
- e. Statistikkvariabel: Prosent
- f. Poenggjeving*:
 - 0 poeng > 0%
 - 1 poeng > 1%
 - 2 poeng > 10%
 - 3 poeng > 20%
 - 4 poeng > 30%
 - 5 poeng > 40%
 - 6 poeng > 50%
 - 7 poeng > 60%
 - 8 poeng > 70%
 - 9 poeng > 80%
 - 10 poeng > 90%

Utfordringar: Famnar ikkje dei som ikkje bur i tettbygde strom. Her har SSB vurdert det slik at dei som bur utanfor tettbygde strom har mykje nærnatur tilgjengeleg. Det er eit minus for barmeteret at folk i grisgrendte strom av Møre og Romsdal ikkje blir rekna som eit pluss i denne indikatoren.

Eit alternativ er å bruke «Del av busette i Møre og Romsdal med skilta og merka turrute nærare enn 500 meter frå bustad» med turrutebasen og kartverket som kjelder når turrutebasen blir meir oppdatert (ein test av denne måten å måle på viste resultatlangt under det som er reelt).

Sjå gjerne [Rekreasjonsareal og nærturterreng – SSB](#) og [Hvordan varierer nærmiljøet blant ulike befolkningsgrupper? – SSB](#)

*Smøla har per definisjon ingen tettstad og har fått eit fiktivt middel-tal. For 2024-målingane har Haram fått tildelt ein middolverdi grunna nye kommunegrenser frå 1.1.2024.

¹ Eit område basert på GIS-analyse som avgrensar ei hussamling der det bur minst 200 personar og avstand mellom husa ikkje er over 50 meter. Tal på tettstadar og deira yttergrenser vil endre seg over tid avhengig av byggeaktivitet og befolkningsutvikling. Grensene på tettstadane er uavhengig av administrative grenser.

² Område som er tilpassa, oppgradert og haldt ved like for å være egna til tur og friluftslivsaktivitetar. Gjeld òg uteareal tilhøyrande barnehagar og skular, offentlege parkar, turveggar og torg. Område knytt til institusjonar og bueningar vert regna med når arealet er avsett til formålet.



4.4 Indikator 4: Statleg sikra friluftsområde

Tal på statleg sikra friluftsområde i kommunen.

Sikra friluftsområde er areal tilgjengeleg for å drive friluftsliv no og i overskødeleg framtid. Tal på sikra friluftsområde er eit døme på kommunane si vilje til å arbeide for tilrettelegging for friluftsliv.

- a. Bakgrunn: Statleg sikra friluftsområde er område der det offentlege eig eller har bruksrett. Områda er sikra for allmenn bruk etter at kommunar eller interkommunale friluftsråd har søkt om dette. Områda sikrar areal der det er tilrettelagt for at befolkninga kan drive friluftsliv i dag og fram i tid.
- b. Basis: Areal
- c. Berekraftsmål: Mål 3, mål 11, mål 15
- d. Kjelde: Miljødirektoratet ([Naturbase kart \(miljodirektoratet.no\)](https://naturbase.kart.miljodirektoratet.no))
- e. Statistikkvariabel: Poeng for tal på sikra friluftsområde per kommune vekta 50%, poeng for områder per innbyggjar vekta 50%. 20 friluftsområde gir maks poengsum på første delsum. To friluftsområde per 1000 innbyggjarar gir maks poengsum på andre delsum.
- f. Poenggjeving:

Tal på friluftsområde:

- 0 poeng < 2
- 1 poeng > 2
- 2 poeng > 4
- 3 poeng > 6
- 4 poeng > 8
- 5 poeng > 10
- 6 poeng > 12
- 7 poeng > 14
- 8 poeng > 16
- 9 poeng > 18
- 10 poeng > 20

Friluftsområde per 1000 innbyggjarar:

- 0 poeng < 0,2
- 1 poeng > 0,2
- 2 poeng > 0,4
- 3 poeng > 0,6
- 4 poeng > 0,8
- 5 poeng > 1
- 6 poeng > 1,2
- 7 poeng > 1,4
- 8 poeng > 1,6
- 9 poeng > 1,8
- 10 poeng > 2

Utfordringar: Eit sikra friluftsområde kan vere alt frå eit verdifullt strandområde til eit lite «villniss» som ikkje er attraktivt for friluftsliv. Tal på område kan derfor vere misvisande, men gir likevel ein peikepinn på i kva stor grad kommunane prioriterer tiltak for å fremme friluftsliv.



Vi meiner tal på område er meir relevant enn totalt areal fordi kommunar med store verneareal i høgjellet kjem urettmessig bra ut om areal tel mest. Eit lite areal tilrettelagt som parkeringsplass kan til dømes ha stor betydning for tilkomst til areal og ha mykje å bety for høvet til å drive lokalt friluftsliv.

20 områder eller meir gir 10 poeng. Det er sett eit tak fordi målet er kvalitet framfor kvantitet og fordi små kommunar truleg ikkje har nok til areal til meir enn 20 sikra friluftsområde.

4.5 Indikator 5: Tilgjengeleg strandsoneareal

Potensielt tilgjengeleg strandsoneareal med utvikling siste år.

Allmennheita i Norge misser årleg potensielt tilgjengeleg strandsoneareal som følgje av utbygging i strandsona. Tap av strandsone er eit stort minus for friluftslivet. Punktet viser tilkomst til potensielt strandareal med utvikling over tid. Det vil derfor ikkje ha betydning om kommunen har liten strandsone eller bratt terreng som uansett gjer strandsona utilgjengeleg.

Strandsoneareal på fastlandet (dekar), etter region, statistikkvariabel, arealstatus og år. Våre tal syner utvikling areal siste tre år. Auka tilgjengeleg areal gir høgast mogleg poengsum. Auka areal vil stå som negativt tal i denne kolonna, men er sjølvsagt eit pluss for folk.

a. Bakgrunn: Ein treng tilgjengeleg areal for å drive aktivt friluftsliv.

b. Basis: Areal

c. Berekraftsmål: Mål 11, mål 3, mål 13

d. Kjelde: SSB 08917

e. Statistikkvariabel: Dekar

f. Poenggjeving:

0 poeng > 170da

1 poeng > 150da

2 poeng > 130da

3 poeng > 110da

4 poeng > 90da

5 poeng > 70da

6 poeng > 50da

7 poeng > 30da

8 poeng > 10da

9 poeng >= 0da

10 poeng < 10da

Utfordringar/drøfting: Punktet viser generell tilkomst til potensielt strandareal. Punktet viser utvikling over tid, det vil derfor ikkje ha betydning om kommunen har liten strandsone eller bratt terreng som uansett gjer strandsona utilgjengeleg. Tilgang til strandsone på innlandsvassdrag kunne med fordel vore ein del av dette punktet.

Tilgang til strandsone på innlandsvassdrag kunne med fordel vore ein del av dette punktet.

4.6 Indikator 6: Status friluftslivets ferdselsårer

Status på kommunen sitt arbeid med Plan for friluftslivets ferdselsårer.

Friluftslivets ferdselsårer med uhindra tilkomst til natur er viktig for praktisering av allemannsretten og utøving av friluftsliv. Faktoren viser litt av kommunen sin innsats for å fremme og legge til rette for friluftsliv.



- a. Bakgrunn: God tilkomst til naturterreng.
- b. Basis: Areal
- c. Berekraftsmål: Mål 3, mål 11, mål 15
- d. Kjelde: Møre og Romsdal Fylkeskommune/Friluftsråda
- e. Statistikkvariabel: nei, ja = ferdig planlagt = fått tilsegn frå støtteordninga i Møre og Romsdal Fylkeskommune (MRFK)
- f. Poenggjeving:
 - 0 poeng = Nei
 - 5 poeng = Planlagt
 - 10 poeng = Ja

Utfordringar: Dette er ein faktor som er lite relevant i framtida når alle er i gang med arbeidet. På dette stadiet er det i stor grad relevant fordi det viser vilje til fokus på arbeidet med friluftslivets ferdelsårer.

4.7 Indikator 7: Medlem i eit friluftsråd

Er kommunen medlem av eit friluftsråd?

Satsar kommunen på friluftsliv ved å vere medlem av eit friluftsråd som arbeider for å fremje tilrettelegging av friluftsliv? Syner litt av kommunen sin vilje til å prioritere friluftsliv.

- a. Bakgrunn: Fokus og prioritering viktig for friluftslivet. Friluftsråda er organ som arbeider for å fremme friluftsliv både med hjelp til planarbeid, utvikling av friluftsområde, stiar, tilrettelegging, aktivitet, kurs og tilbod.
- b. Basis: Plan
- c. Berekraftsmål: Mål 11, mål 3
- d. Kjelde: Friluftsråda i Møre og Romsdal
- e. Statistikkvariabel: Ja eller nei
- f. Poenggjeving:
 - 0 poeng = Nei
 - 10 poeng = ja

Utfordringar/drøfting: Lite relevant punkt for Møre og Romsdal nett no når alle kommunar i fylket er medlemmar. Likevel relevant utanfor fylket og viss kommunar vurderer å melde seg ut. Det hadde vore interessant å vite i kva stor grad kommunane nyttar tenester frå friluftsråda, men det er vanskeleg å måle på ein enkel måte.



4.8 Indikator 8: Medlemmar i friluftsansjasjonar

Del av innbyggjarane med medlemskap i friluftslivsrelaterte foreiningar.

Punktet viser kor stor del av innbyggjarane som har medlemskap i friluftslivsorganisasjonar. Vi har ikkje totalt tal, men har vald tal frå Telemarksforsking med korrigeringsfaktorar på eit punkt.

Telemarksforsking har vald ut fire organisasjonar med medlemstal som kunne sorterast kommunevis. Dette blir eit døme på friluftslivsrelaterte medlemskap. Dei fire organisasjonane er Norges Jeger- og fiskeforbund (NJFFF), Den Norske Turistforening (DNT), KFUK/KFUM speidarar og 4H.

- a. Bakgrunn: Eit døme for å vise folk sin aktivitet gjennom medlemskap i foreiningar som stimulerer til friluftsliv.
- b. Basis: Aktivitet
- c. Berekraftsmål: Mål 11, mål 3
- d. Kjelde: Telemarksforsking
- e. Statistikkvariabel: Medlem per 1000 innbyggjarar
- f. Poenggjeving:
 - 0 poeng > 0
 - 1 poeng > 5
 - 2 poeng > 10
 - 3 poeng > 25
 - 4 poeng > 40
 - 5 poeng > 55
 - 6 poeng > 70
 - 7 poeng > 85
 - 8 poeng > 100
 - 9 poeng > 115
 - 10 poeng > 130

Utfordringar/drøfting: Aktivitet er eit punkt som har vist seg vanskeleg å finne gode måletal på. Helst vil vi vise tal på kor mange som deltek på aktivitetar gjennom heile året. Dette er målingar som ikkje er registrert, eller i beste fall kun tilgjengeleg om ein spør kvar enkelt organisasjon.

I framtida håper vi å få til ei måling med både aktivitet og tal på medlemmar i alle friluftsansjasjonar. Medlemstal fordelt kommunevis for alle som er med i FNF kan òg vere ei aktuell løysning. Førebels har vi/Telemarksforsking gjort eit utval på medlemstal i fire organisasjonar. Vi har anbefalt at Telemarksforsking tek med medlemmar i fleire speidarorganisasjonar ved neste måling, då det er varierende kva organisasjon som er mest aktiv i dei ulike kommunane.

Punktet manglar informasjon om medlemstal og aktivitet i friluftslivsrelaterte grupper organisert i idrettslag (til dømes orientering), friluftslivsrelaterte lag og foreiningar som driv med totalt sett og om friluftslivsrelatert aktivitet som ikkje er organisert.

Eit litt finurleg poeng er at enkelte ønsker at friluftsliv ikkje skal vere organisert, men «fritt». Eit motargument er at oversikt over aktivitet og medlemstal kan vere ei «brekkstang» for tildeling av midlar til friluftslivsrelatert arbeid.



4.9 Indikator 9: Utlånsordningar av friluftsutstyr

Har kommunen utlånsordningar for friluftsutstyr?

Tilgjengelegheit på utstyr utan store kostnader kan vere avgjerande for om alle innbyggjarar i kommunen kan drive eit aktivt friluftsliv og delta på aktivitetar der utstyr trengs. Skal ein famne alle, må gratis utlånsordningar vere på plass. Punktet er eit døme på kommunen sin prioritering av tilrettelegging for friluftsliv for alle.

- a. Bakgrunn: Fokus og prioritering essensielt for friluftslivet for alle
- b. Basis: Aktivitet
